

ÅLESUND KOMMUNE

Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi: Ordfører

Kommunedirektør

Revisjon

Måndag 17. august 2020 kl. 16.00, SKS IKS sine lokale i Lerstadvegen 545.

SAKSLISTE

- | | |
|-----------|---|
| Sak 29/20 | Godkjenning av møtebok frå møte 22. juni 2020 |
| Sak 30/20 | Årsmelding 2019 Ålesund kommune |
| Sak 31/20 | Årsrekneskapen 2019 Ålesund kommune |
| Sak 32/20 | Årsmelding 2019 Ørskog kommune |
| Sak 33/20 | Årsrekneskapen 2019 Ørskog kommune |
| Sak 34/20 | Orientering om tilsetjingsstoppen i Ålesund kommune v/kommunedirektøren |
| Sak 35/20 | Budsjettforslag 2021 Ålesund kontrollutval |

Eventuelt

Bente Bruun

Leiar

(sign.)

KONTROLLUTVALET I ÅLESUND KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 22.06.2020, kl.14.00

Møtestad: Kontrollutvalsekretariatet sine lokaler i Lertadvegen 545.

Møtet vart leia av Bente Bruun.

Elles deltok:

Kåre A. Hanken, Knut Helge Vestre, Terri Senior og Terje Devold (vara).

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal. Frå Ålesund kommune deltok kommunedirektør Astrid Eidsvik og advokat Line Thomassen frå kommuneadvokatkontoret (sak 18/20). Frå kommunerevisjonen deltok forvaltningsrevisor Kurt Løvoll og oppdragsansvarleg revisor Anne Nygård.

Til innkallinga: Terje Devold bad om at sakspapir og innkalling blir gjort tilgjengeleg på politikarportalen på Ålesund kommune sine heimesider.

Til sakslista: kontrollutvalet valde å handsame sakene 17 og 18 først, deretter meldingar, så sak 20 og 19, deretter sakene 21 til og med 28.

Meldingar: Ålesund kontrollutval valde å ta meldingane til vitande.

Sak 17/20 Godkjenning av møtebok frå møte 25. mai 2020.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 16. juni 2020.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Ålesund kontrollutval godkjenner møteboka frå 25. mai 2020.

Sak 18/20 Orientering om nye varslingsrutinar i Ålesund kommune v/advokat Line Thomassen, kommuneadvokatkontoret.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 16. juni 2020.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Ålesund kontrollutval tek orienteringa til vitande.

Sak 19/20 Klage på spreiking av personopplysningar frå Bente Fremmerlid.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 16. juni 2020.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Klagen frå Bente Fremmerlid til kontrollutvalet er det ikkje heimel for å behandle i kontrollutvalet. Det ligg utanfor kontrollutvalet sitt arbeidsområde og mynde å ta standpunkt til konkrete klagesaker frå enkeltinnbyggjarar. Ålesund kontrollutval avviser på denne bakgrunnen klagen frå Bente Fremmerlid.

Sak 20/20 Forvaltingsrevisjonsrapport om investeringsprosjekt i Ålesund kommune.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 16. juni 2020.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir lagt fram for kommunestyret med slik

Innstilling frå kontrollutvalet:

1. Kommunestyret viser til konklusjonar til revisjonsrapporten i kapitel 7 og føreset at kommunedirektøren tek rapporten til etterretning, og følgjer opp dei tilrådingar som blir gitt.
2. Kommunestyret føreset at det blir utarbeidd prosedyremalar innan dei områda som spesifikt blir nemnde i rapporten, for å minimere faren for systemsvikt og manglande kontinuitet i arbeidet med investeringsprosjekt i framtida.

Sak 21/20 Årsmelding 2019 Skodje kommune

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 16. juni 2020.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2019 for Skodje kommune til vitande.

Sak 22/20 Årsrekneskapen 2019 Skodje kommune.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 16. juni 2020.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

uttale til kommunestyre:

Skodje kommune sin rekneskap for 2019 blir godkjent.

Sak 23/20 Årsmelding 2019 Sandøy kommune.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 16. juni 2020.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2019 for Sandøy kommune til vitande.

Sak 24/20 Årsrekneskapen 2019 Sandøy kommune.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 16. juni 2020.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

uttale til kommunestyre:

1. Sandøy kommune sin rekneskap for 2019 blir godkjent.
2. Kontrollutvalet gjer merksam på at årsrekneskapen 2019 ikkje blei avlagt innan fristen 15. februar 2020, noko som kommunelova krev.

Sak 25/20 Årsmelding 2019 Haram kommune.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 16. juni 2020.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2019 for Haram kommune til vitande.

Sak 26/20 Årsrekneskapen 2019 Haram kommune.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 16. juni 2020.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

uttale til kommunestyre:

Haram kommune sin rekneskap for 2019 blir godkjent.

Sak 27/20 Prosjektrekneskapen 2019 fellesnemnda nye Ålesund.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 16. juni 2020.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

uttale til kommunestyre:

Fellesnemnda nye Ålesund sin rekneskap for 2019 blir godkjent.

Sak 28/20 Årsrekneskapen 2019 Ingebrigt Davik Huset KF.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 16. juni 2020.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

uttale til kommunestyret:

Ingebrigt Davik Huset KF sin rekneskap for 2019 blir godkjent.

Eventuelt:

Neste møte blei avtalt til **måndag 17. august, kl. 16.00** i SKS IKS sine lokaler i Lerstadvegen 545.

Dette erstattar møte 24. august.

Kontrollutvalet ønskjer ei oppdatering frå kommunedirektøren på tilsetjingsstopp i kommunen. Sekretariatet vil kontakte kommunedirektøren om dette.

Møtet var slutt kl. 16.20

Bente Bruun

Leiar

(sign.)

Terje Devold

Varamedlem

(sign.)

Knut Helge Vestre

Medlem

(sign.)

Kåre Alfred Hanken

Medlem

(sign.)

Terri Senior

Nestleiar

(sign.)

Sak 30/20 Årsmelding 2019 Ålesund kommune

Som pdf vedlegg følger:

- Årsmelding 2019 – Ålesund kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer.

Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek årsmelding 2019 for Ålesund kommune til vitande.

Bjørn Tømmerdal

Dagleg leiar

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Som pdf vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til årsrekneskapen 2019 – Ålesund kommune datert 10. august 2020.
2. Ålesund kommune - årsrekneskapen 2019

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målsetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale til kommunestyret:

1. Ålesund kommune sin rekneskap for 2019 blir godkjent.
2. Kontrollutvalet gjer merksam på at årsrekneskapen 2019 **ikkje** blei avlagt innan fristen 15. februar 2020, noko som kommunelova krev.

Bjørn Tømmerdal

Dagleg leiar

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Til kommunestyret i Ålesund kommune

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Kommunedirektøren

Melding frå uavhengig revisor

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Ålesund kommune som viser kr 2 884 661 867 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 38 297 554. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2019, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2019, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overholdt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Kommunedirektøren er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av informasjon i kommunen sin årsmelding, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte. Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» under utsegn om andre lovmessige krav.

Kommunedirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen

Kommunedirektøren er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Kommunedirektøren er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn

naudsynt for å kunne utarbeide et årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For ytterlegare informasjon viser vi til www.nkrf.no.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Andre forhold

Utan at det har betydning for våre konklusjonar vil vi presisere at kommunen sin årsrekneskap ikkje vart avlagt innan fristen i kommuneloven 15. februar 2020, og årsmeldinga ikkje avlagt innan fristen 31. mars 2020.

Denne meldinga erstattar melding datert 15. juni 2020, som var skrive ved utløpet av fristen for å skrive revisjonsmelding. Vi hadde på dette tidspunkt ikkje fått tid til å gjennomføre dei revisjonshandlingane som var nødvendige for å kunne uttale oss om årsrekneskapen.

Ålesund, 10. august 2020

Møre og Romsdal Revisjon SA



Anne Nygård

oppdragsansvarleg revisor

Sak 32/20 Årsmelding 2019 Ørskog kommune

Som pdf vedlegg følger:

- Årsmelding 2019 – Ørskog kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer.

Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek årsmelding 2019 for Ørskog kommune til vitande.

Bjørn Tømmerdal

Dagleg leiar

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Som pdf vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til årsrekneskapen 2019 – Ørskog kommune datert 15. juni 2020.
2. Ørskog kommune - årsrekneskapen 2019

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målsetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale til kommunestyret:

1. Ørskog kommune sin rekneskap for 2019 blir godkjent.
2. Kontrollutvalet gjer merksam på at årsrekneskapen 2019 **ikkje** blei avlagt innan fristen 15. februar 2020, noko som kommunelova krev.

Bjørn Tømmerdal

Dagleg leiar

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Til kommunestyret i Ålesund kommune

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Kommunedirektøren

Melding frå uavhengig revisor

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Ørskog kommune som viser NOK 146 383 390,- til fordeling drift og eit rekneskapsmessig meirforbruk på NOK 5 566 663,-. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2019, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2019, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overholdt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Kommunedirektøren er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av informasjon i kommunens årsmelding, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte. Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» under utsegn om andre lovmessige krav.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Kommunedirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen

Kommunedirektøren er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Kommunedirektøren er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn naudsynt for å kunne utarbeide et årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Det henvises til www.nkrf.no som inneholder en beskrivelse av revisors oppgaver og plikter.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Andre forhold

Uten at det har betydning for våre konklusjoner vil vi presisere at kommunen sin årsrekneskap vart avlagt etter fristen i kommunelova som er 15. februar 2020.

Ålesund, 15. juni 2020



Knut G. Alnes
oppdragsansvarlig revisor

Sak 34/20 Orientering om tilsetjingsstoppen i Ålesund kommune v/kommunedirektøren
--

Bakgrunn:

Frå møteboka til Ålesund kontrollutval sitt møte 22. juni 2020:

Eventuelt:

*Neste møte blei avtalt til **måndag 17. august, kl. 16.00** i SKS IKS sine lokaler i Lerstadvegen 545.*

Dette erstattar møte 24. august.

Kontrollutvalet ønskjer ei oppdatering frå kommunedirektøren på tilsetjingsstopp i kommunen. Sekretariatet vil kontakte kommunedirektøren om dette.

Kommunedirektør Astrid Eidsvik har bekrefta at ho deltar på møte i kontrollutvalet 17. august og vil seie noko om tilsetjingsstoppen i Ålesund kommune.

Saka vert med dette lagd fram utan tilråding til vedtak. Kontrollutvalet kan med bakgrunn i orienteringa sjølv fremme eventuelt forslag til vedtak.

Bjørn Tømmerdal

Dagleg leiar

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Bakgrunn:

I medhald av § 2 i forskrift om kontrollutval skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet i kommunen skal følgje formannskapet si budsjettinnstilling til kommunestyret.

Vurdering:

Ålesund kommune er med i det interkommunale selskapet Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS (SKS IKS). Ålesund kommunestyre godkjente ny selskapsavtale i sak 061/20 i sitt møte 7. mai 2020. I selskapet sine vedtekter er det representantskapet som vedtar budsjettet og så sendar dette til medlemskommunane. Det er difor berre budsjett til drift av kontrollutvalet som blir handsama i denne saka pluss eit estimat for kommunen sine kostnader knytt til kjøp av revisjonstenester.

Nytt i år er at kontrollutvalet skal sjå nærare på kostnader knytt til revisjon. Dette skyldast at Ålesund kommune valde å bli med i det nye revisjonsselskapet som blei skipa 1. januar 2020. Dette selskapet er organisert som eit samvirkeforetak (SA) kor deltakarane betalar inn eit innskot. Det er difor Møre og Romsdal Revisjon SA som vil levere revisjonstenester til Ålesund kommune. Det nye samvirkeforetaket skal fakturere etter kor mykje tid ein brukar hos kvar einskild kommune.

Sekretariatet har motteke eit estimat som byggjer på erfaringstal frå 2019 og delar av 2020. For 2021 vil eit slikt estimat være rundt kr 3.500.000,-. Det er knytt usikkerheit til dette estimatet. Dette skyldast primært overgangen frå 5 kommunar til ei ny kommune. Endeleg tal vil først ligge føre når selskapet har avvikla sitt årsmøte hausten 2020, vedteke selskapet sitt budsjett for 2021 og når ein ser kor mykje tid som går med på tenestene til nye Ålesund kommune.

Det er viktig at kontrollutvalet får halde seg á jour kunnskapsmessig. Nyten av å treffe kontrollutval i andre kommunar og fagmiljø er stor, og kursaktiviteten er moderat. Den viktigaste samlinga er den årlege kontrollutvalkonferansen i regi av NKRF (Norges kommunerevisorforbund) på Gardermoen. I tillegg kan det bli andre samlingar. Særleg kontrollutvalkonferansen er av ein slik kvalitet og har ein so stor informasjonsverdi at heile utvalet bør få delta. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i sine 85 anbefalingar for styrka eigenkontroll i kommunen vist til at opplæring i kontrollutvala er et viktig område.

Ein gjer merksam på at møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste til kontrollutvalet vil vere ein del av kommunen si godtgjersle til folkevalde, og blir ikkje omfatta i denne spesifikke saka. Dette bygg på satsar vedtekne i Ålesund kommunestyre.

Dette budsjettoppsettet derimot vil omfatte kurs og opplæringsutgifter samt reiseutgifter knytt til desse og kjøp av revisjonstenester.

Konklusjon:

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

1. Kontrollutvalet sitt budsjettforslag til kurs og reiseaktivitet blir sett til kr 50.000,-
2. Ålesund kommune sine kostnader til kjøp av revisjonstenester frå Møre og Romsdal Revisjon SA vurderast til kr 3.500.000,- Dette fordelast på kr 2.500.000,- til rekneskapsrevisjon / attestering og kr 1.000.000,- til forvaltningsrevisjonar.
3. Saka sendast over til rådmann for innarbeiding i kommunens budsjett for 2021, men står uendra til kommunestyrets budsjettbehandling, jfr. Forskrift om kontrollutvalg i kommuner, § 2 budsjettbehandlingen.

Bjørn Tømmerdal

Dagleig leiar

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS